



**Referat frå møte i Kviteseid Sokneråd  
onsdag 21. november 2018 kl. 18.00**  
i KANTINA i kjellaren på kommunehuset

**Innkalla:**

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar: Magnhild Vaagen Kvalbein, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hans Kristian Aabø, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde, (Kommunens representant Tore Åslund)

1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn, Kyrkjeverje Kristen Salmelid

Forfall: Magnhild Vaagen Kvalbein, Inger Lise Berge og Marit Gotuholt

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Bevertning v/ Gunn Karin Eikåsen.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Christine Graneng og prost Asgeir Sæle)

Sak 65/18, SR	Innkalling og saksliste	HB
<b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga sendt ut på e-post 16.11.2018 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.		
<b>VEDTAK:</b> Som føreslege.		
Sak 66/18, SR	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 03.10.2018	HB
<b>Forslag til VEDTAK:</b> Referatet frå møtet 03.10.2018, sendt ut på mail 09.10.2018, vart godkjend.		
<b>VEDTAK:</b> Som føreslege.		
Sak 67/18, SR	Post og meldingar	fleire
1. Orientering om gjennomførde og føreståande arrangement: <ol style="list-style-type: none"><li>2. nov.: Allehelgens-konsert i Kviteseid kyrkje ved Jan Haugen med fleire. Noko av overskotet til Diakonatet i Vest-Telemark. 5100,- til kyrkja.</li><li>8.des.: Julekonsert ved Emil Solli Tangen m.fl. i Kviteseid kyrkje <u>kl. 17.00</u></li><li>Adventskonsertar i Vrådal kyrkje 06.12 <u>kl. 18.00</u> og i Kviteseid kyrkje 16.12. <u>kl. 18.00</u>.</li><li>Hans Kr. Aabø orienterte om den føreståande kyrkjelydsbasaren 1. des. på Misjonshuset.</li></ol> 2. Investeringsprosjekta for 2018:		

- a. Automatisk ringeanlegg Kviteseid: Ventar framleis på godkjenning frå RA. Har purra mye, og resultat er lova. NAV har løyva 25.000 kr til prosjektet (tilsvarar om lag soknerådet si eigeninnsats). Vedtak er no lova seinast fyrste veke i des.
  - b. Taket på Brunkeberg tårn og apsisen på gamle-kyrkja fylgjast opp. Vi har fått inn noko tømmer (malmen furu) til flisproduksjon, og arbeidar fortsatt for å få inn meir. Spesiell vedkløyvar er innkjøpt og uteleigd til ein i Tinn for 2-3 veker. (Han lager litt flis til Heddal stavkyrkje.) Halvor Bjåland er i gang med produksjon og får hjelp av fleire etter kvart.
3. Prosjekt 'Auka gáveinntekt' som vi no kallar 'Gjevarglede' har fått inn dei fyrste avtalane om faste gåver. Det vert ekstra fokus på dette som eit startskudd på kyrkjelydsbasaren 1. des. Brosjyre er klar. Moglegheit for AvtaleGiro kjem på plass snart. Er no ordna på rekordfart.
4. Heile kyrkjestaben i Kviteseid var på Stiftsdagar i Kristiansand 7. og 8. november. Inspirerande og gode dagar, fyrste gong for Ellen Katrine, og siste for ho og Dagfinn.
5. Vi har ikkje fått nokon vikar som sekretær og trusopplærar etter fyrste runde med annonsar. Annonse på NAV er forlenga til medio des., og ny annonse i vtb kommer. Vi må og ha meir fokus på saka på eigen facebook-side.
6. Rapport frå Arbeidstilsynet med avvik, er ferdig handsama frå kyrkjeverja. Kartlegging av farar, risikovurdering av desse og handlingsplan for å redusere, er utarbeida saman med staben og sendt Arbeidstilsynet. Tilsynet har no bekrefta at avviket er lukka.
7. Gunhild Omtveits legat er nå avslutta med kr 7.078,- og pengane vidaresendt til Bibelselskapets misjonsprosjekt «Bibler til Ukraina» og merket med Brunkeberg kyrkjelyd.
8. Statistisk sentralbyrå (SSB) har nå for fyrste gong publisert rekneskapstal for kvart einskilt fellesråd i Noreg. Publiseringa no er for åra 2015-2017 og er tilgjengelege på denne lenka: <https://www.ssb.no/statbank/list/kirkeregn>. Tala for 2018 publiserast i juni 2019. Tal på gravplassar i KOSTRA for åra 2016-2017 ligg på <https://www.ssb.no/statbank/table/12208/> for den som er interessert.
9. Neste kyrkjeblad, julenummeret, kommer etter avtale med posten 4. des. Gåver til bladet så langt i år er på over 48.000 (sjå rekneskapet)
10. Festeavgiftene er fakturert, og innbetalingane kommer. Ein del gravert vert alltid sletta etter ynskje frå festaren i samband med dette
11. Med Tor Sanden si bortgang har kyrkja mista ein trufast hjelpar med flagging på eigen stong ved alle anledningar i Vrådal kyrkje. Vi kjøper no og set opp to mindre flaggstenger ved porten, slik som i Kviteseid.

<b>Sak 68/18, FR</b>	<b>Rekneskapsrapport jan-okt 2018</b>	<b>KS</b>
----------------------	---------------------------------------	-----------

Rekneskapskontoret har levert rapport for 5 av årets 6 terminar.

Den syner eit samla overforbruk (underskot) på kr 180.230. Med tanke på at det i november kjem inn om lag kr 300.000 frå fakturert festeavgift, er dette greitt.

Avdelingsvis ser det slik ut:

110 Kyrkjeleg administrasjon: Overskot på kr 64', kr 62' betre enn budsjettert

111 Kyrkjer: Underskot på kr 107', kr 27' dårlegare enn budsjettert

112 Kyrkjegardar: Underskot på kr 200', men her kjem inn 300' i festeavgift

113 Andre kyrkjelege føremål: Overskot på kr 62', kr 174' betre enn budsjettert

#### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet tar den framlagte rapporten til vitande.

Under møtet: Kvifor er så mykje ført på avd. 113 på konto 17250? Det er konto for ofringar til eige bruk. Må undersøkjast.

Svar etter undersøking: Her er også inntektene fra førmiddagstreff ført, ca kr 3000 kvar gong. Dei har tilsvarende utgifter på annan konto (11402) og utgjer om lag den rapporterte differansen. Det vart og ved gjennomgang funne 3 føringar som skulle vore på anna konto. Samla blir det med dette om lag som budsjettet.

**VEDTAK:** Soknerådet tar den framlagte rapporten til vitande.

<b>Sak 69/18, SR</b>	<b>Kyrkjeofringar 2019</b>	ML
----------------------	----------------------------	----

Soknepresten har utarbeida eit forslag til plan for kyrkjeofringar for 2019 basert på vedtak og dei siste års offerlister.

*Vedlegg: Forslag til kyrkjeofringar 2019*

**Forslag til VEDTAK i soknerådet:**

Planen for kyrkjeofringar i Kviteseid sokn for 2019 godkjennast.

**VEDTAK:**

Soknerådet vedtek den framlagde planen for kyrkjeofringar, utan ofring til TV-aksjonen. Den datoен oppmodas kyrkjelyden til å gje når bøsseberarane kjem på døra eller på annan måte.

<b>Sak 70/18, SR</b>	<b>Kyrkjevalet 2019</b>	HB/KS
----------------------	-------------------------	-------

I september 2019 er det til for kyrkjeval igjen. Da skal nytt sokneråd veljast, men og nytt bispedømmeråd. Her er saker for dette møtet:

1. Val-kurs for Øvre Telemark prosti er i Seljord 6. februar
2. På dette kurset skal det òg vere val av nominasjons komité for bispedømmeråd.
  - a. Til da må forslag frå Kviteseid til kandidat til nominasjonskomitéen for bispedømmerådet være klar. Så den bør fremjast på dette møtet. Kvart sokneråd har ein stemme kvar i dette valet.
  - b. Til kurset skal ein lek representant frå soknerådet veljast, med vararepresentant. Kyrkjeverja saman med den valde er utsendingane til kurset.
3. Soknerådsvalet:
  - a. Nominasjons komité med 3 medlemmer oppnamnas nå.
  - b. Nominasjonskomitéen si valliste skal være ferdig innan 30. april, i praksis i Kviteseid til soknerådsmøtet 10. april. Tenk på kandidatar til soknerådet og meld til komitéen.
  - c. Valstyret (soknerådet) gjer vedtak om godkjenning av vallista
  - d. Soknerådet skal ha mellom 4 og 10 medlemmer pluss prest. Har vi rett tal i Kviteseid med 8 + kommunerepresentant?

Sjå elles på vedlegget for andre fristar og informasjon.

*Vedlegg: Om kyrkjevalet 2019*

**Forslag til VEDTAK i soknerådet:**

- Til nominasjonskomité for bispedømevalet veljast ein representant og ein vara. Representanten deltek på val-kurs i Seljord 6. februar 2019 saman med kyrkjeverja. Der skal representanten frå Øvre Telemark prosti veljast.
- Til nominasjonskomité for soknerådsvalet i Kviteseid veljast 3 representantar (+ ein vara). Nominasjonskomitéen legg fram si liste over kandidatar til godkjenning på soknerådsmøtet 10. april 2019.

- Kviteseid soknerådet for neste valperiode (2019-2023) skal ha ..... medlemmar i tillegg til kommunerepresentant og prest.

#### **VEDTAK:**

- Til nominasjonskomité for bispedømevalet er det kome inn forslag på 2 navn. Desse vil bli spurde. Vararepresentant vert *Gunn Karin Eikåsen*. Representanten deltek på val-kurs i Seljord 6. februar 2019 saman med kyrkjeverja. Der skal representanten frå Øvre Telemark prosti veljast.
- Til nominasjonskomité for soknerådsvalet i Kviteseid veljast inntil 5 representantar (+ ein vara). Av desse er *Møyfrid Lunde* og *Håkon Birkeland*. Andre representantar spørjast frå ei prioritert navneliste som er laga. *Øyvind Jørgensen har svara ja.* Nominasjonskomitén legg fram si liste over kandidatar til godkjenning på soknerådsmøtet 10. april 2019.
- Kviteseid soknerådet ser ikkje grunn til å endra på talet for medlemmar i rådet for neste valperiode (2019-2023), så det vert det ikkje fremja sak om på neste Kyrkjelydsmøte våren 2019.

<b>Sak 71/18, FR</b>	<b>Investeringsprosjekta for 2019</b>	<b>KS</b>
----------------------	---------------------------------------	-----------

Soknerådet vedtok den 13. juni 2019 i sak 43/18 investeringsplanen for 2019, og fatta vedtak om å søkje kommunen om ein million kroner. Det ligg i papira til politisk handsaming i kommunen no. Vi hadde to alternativ, eit med og eit utan løyving frå Riksantikvaren (RA) til sprinkelanlegg i Kviteseid gamle kyrkje. Løyvinga frå RA kom i haust etter vår søknad i juni.

Sprinkelanlegget medfører sær mykje og komplisert arbeid i anbodsperioden på grunn av kompleksiteten og storleiken på prosjektet. Det vert og etter ferdigstilling store driftskostnadar, slik det blei påpeika under handsaminga då vedtaket vart gjort. Fleire av prosjekta dei siste to åra har drege langt ut i tid av forskjellige årsaker, og har strekt seg inn i året etter. Dette har òg ført til betydeleg meirarbeid. Kyrkjeverja si tid og kapasitet strekk heller ikkje til. For tida er vi og utan sekretær, noko som betyr meirarbeid for kyrkjeverje (og for presten).

Kyrkjeverja tilrår difor at vi ikkje går vidare med brannsløkkjeanlegget. Investeringsplanen for 2019 vert då den som var utan sløkkjeanlegget i Kviteseid gamle kyrkje. Eit avansert brannvarslingsanlegg i same kyrkje vil då vere fyrste prosjekt for 2019. Det ligg klart til igangsetjing tidleg på året, så snart kommunen har gjort vedtak om investeringstilskot for 2019.

#### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet vedtek at investeringsplanen for 2019 vert den utgåva som var utan brannsløkkingsanlegg i Kviteseid gamle kyrkje.

**VEDTAK:** Som føreslege.

<b>Sak 72/18, SR</b>	<b>Oppgåver med fellesmøtene</b>	<b>HB</b>
----------------------	----------------------------------	-----------

Kyrkja sine ansvarsoppgåver med fellesmøter våren 2019 må skaffast folk til:

- Familiemøtet 27. januar:
  - 2 skuffekaker: *Vidar S. Mikalsen* (glutenfri) og *Hanne Roholdt*
  - 2 personar til rigging og kjøkken éin time før: *Vidar S. Mikalsen* og *Hans Kristian Aabø*
  - 2 personar til rydding og oppvask etter møtet: *Møyfrid Lunde* og *Håkon Birkeland*

- Møtehelga 8.-10. mars:
  - møteleiarar. (Betel låner kyrkja til møtene. Jon Hardang er talar)

Vi har 2 namn på lista og spør desse etter tur. Kommer elles tilbake til saka på soknerådsmøtet i januar.

<b>Sak 73/18, SR</b>	<b>Kyrkjelydsutvalet for Kviteseid kyrkje</b>	HB
----------------------	---	----

Kyrkjelydsutvalet i Kviteseid treng sårt om ein ny leiar. Møyfrid Lunde har fungert og vikariert sidan Magnhild V. Kvalbein vart nestleiar i soknerådet.  
Utvalet treng også eit nytt medlem då ein har sluttar grunna alder.

Vi har notert namn på nokon kandidatar som Møyfrid spør.

<b>Sak 74/18</b>	<b>Eventuelt</b>	
------------------	------------------	--

Juletrefest 3. joledag (27. des 2018) vil kyrkja vere med på saman med Sundvang, Betel og Fredheim. *Hans Kristian Aabø* melder tilbake til komiteen. *Kristen Salmelid* kan være med på praktiske oppgåver. Også andre vert spurde.

Planlagde møter i 2019 etter vedtak 63/18: **16. jan.**, 27. feb., 10. april, 12. juni, 21. aug., 2. okt., 20. nov.